Lånekassen

Søknad om rentefritak
og/eller betalingsutsetjing

I

Nynorsk

Namn, adresse og postnummer/-stad

1 Fødselsnummer (11 siffer)

Fødselsdato | Personnummer

Kundenummer i Lånekassen

2 Rentefritak (Både årsak og inntekt må vere dokumentert)

☐ **Arbeidsløyse** 04
Legg ved utskrift av meldedatoar (e.l.) frå NAV og dokumentasjon som viser brutto dagpengar og all anna brutto inntekt/trygd/stønad per månad for heile søknadsperioden.

☐ **Sjukdom/rehabilitering/attføring/uførestønad** 03
Legg ved kopi av sjukmelding/legeattest/vedtaksbrev. All brutto inntekt/trygd/stønad per månad for heile søknadsperioden må vere dokumentert.

☐ **Fødsel** 06
Legg ved kopi av fødselsattest og dokumentasjon som viser all brutto inntekt/trygd/stønad per månad for heile søknadsperioden.

☐ **Omsorgsarbeid** 07
Legg ved kopi av fødselsattest for barn og dokumentasjon som viser all brutto inntekt/trygd/stønad per månad for deg og ev. ektefelle/sambuar/registrert partnar for heile søknadsperioden.

☐ **Låg inntekt ved fulltidsarbeid** 08
Legg ved dokumentasjon som viser at du har vore i fulltidsarbeid i minst 12 månader samanhengande, og samla brutto inntekt/trygd/stønad for deg og ev. ektefelle/sambuar/registrert partnar.

☐ **Sosialstønad** 41
Legg ved dokumentasjon frå sosialkontor som viser tidsrommet du har hatt sosialstønad som einaste inntekt. Sjå baksida.

☐ **Soning** 05
Legg ved attest frå soningsinstitusjonen som viser soningsperiode på minst 12 månader og dokumentasjon på all brutto inntekt/trygd/stønad per månad for deg og ev. ektefelle/sambuar/registrert partnar for heile søknadsperioden.

☐ **Deltidsutdanning** 09
Legg ved kopi av vitnemål/karakterutskrift og dokumentasjon som viser ev. brutto inntekt/trygd/stønad per månad i søknadsperioden.

☐ **Fulltidsutdanning** 10
Legg ved kopi av vitnemål/karakterutskrift, godkjend lærekontrakt eller stadfesting frå lærestaden.

☐ **Militær eller sivil verneplikt** 01/02
Legg ved kopi av vernepliktsbok/tenestebevis eller få stadfesting frå tenestestaden. Legg og ved stadfesting som viser ev. brutto månadsinntekt for heile søknadsperioden.

Vi stadfester at låntakar er innkalla til eller har avtent militær eller sivil verneplikt i tida:

	Dag	Månad	År
Frå			
Til			

Dato | Underskrift og stempel frå tenestestaden

Søknadsperiode og inntekt (Rentefritak blir berre gitt på etterskot, ikkje framover i tid)

Oppgi kva periode du søkjer om rentefritak for		Dag	Månad	År
	Frå			
	Til			

Bruttoinntekta di per månad i den perioden du søkjer om rentefritak for
Legg ved stadfesting.

Ektefelle/sambuar/registrert partnar si bruttoinntekt per månad i perioden du søkjer om rentefritak for
Legg ved stadfesting.

Sivilstand og forsørgjarplikt

Sivilstand

Ugift ☐ | Gift eller registrert partnar ☐ | Sambuar med felles barn ☐

Separert ☐ | Skild ☐ | Enkje eller enkjemann ☐

Har du endra sivilstand? Dersom ja, oppgi dato

Dag	Månad	År

Barn under 16 år som du forsørgjer eller betaler bidrag for

Talet på barn ☐

Oppgi fødselsdato
Legg ved fødselsattest dersom du ikkje har gjort det før.

Ventar du barn, må du oppgi når fødselen er venta

Månad	År

3 Betalingsutsetjing (Få raskare svar - søk heil utsetjing på Dine sider på www.lanekassen.no)

Kva forfall søkjer du om utsetjing for?

☐ 15. februar ☐ 15. august
☐ 15. mai ☐ 15. november

Vil du ha utsetjing for heile eller halve terminbeløpet? Sjå baksida.

☐ Heile terminbeløpet ☐ Halve terminbeløpet

4 Stadfesting frå søkjaren/underskrift

Eg forsikrar at opplysningane eg har gitt, er så fullstendige som råd. Oppstår det endringar etter at søknaden er sendt inn, forpliktar eg meg til å gi Lånekassen skriftleg melding om det. Eg er kjend med at Lånekassen kan kontrollere dei oppgitte opplysningane direkte frå andre offentlege institusjonar, kontor og register. Jf. lov av 3. juni 2005 nr. 37 § 23, og forskrifter for tilbakebetaling av utdanningslån.

Dato og underskrift

Slik fyller du ut søknaden

Punkt 2: Rentefritak

Søkjer du om rentefritak, må du oppgi kva periode søknaden gjeld. Du må dokumentere brutto inntekt/trygd/stønad for kvar månad i heile søknadsperioden. Søkjer du om rentefritak på grunn av omsorg, låg inntekt ved fulltidsarbeid eller soning, må du også dokumentere brutto inntekt/trygd/stønad per månad for ektefellen, sambuaren eller partnaren din.

Det er viktig at du sender inn den dokumentasjonen som er nødvendig, slik at Lånekassen kan behandle søknaden din.

Inntekt
Inntekta kan du dokumentere for eksempel med lønnsslippar. Med brutto inntekt meiner vi all skattepliktig inntekt, også kapitalinntekter.

Sosialstønad
Du kan få rentefritak dersom du ikkje har hatt anna inntekt enn økonomisk stønad etter § 5-1 i sosialtenestelova i minst tre månader samanhengande. Rentefritak etter denne årsaka kan berre bli gitt for inntil tre år til saman.

Militær og sivil verneplikt
Statsborgarar frå EØS-land kan få rentefritak når dei avtener verneplikt i heimlandet.

Krav om rentefritak for periodar for meir enn tre år tilbake, kan vere forelda. Sjå § 13-2 i forskrifta om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/forskrifter.

Punkt 3: Betalingsutsetjing

Du kan søkje om å få betalingsutsetjing for heile eller halve terminbeløpet utan krav til årsak eller dokumentasjon. Du kan få heil utsetjing i inntil tre år eller halv utsetjing i inntil seks år.

Har du rett til rentefritak, kan du samstundes få betalingsutsetjing.

Rentefritak

Rentefritak vil seie at vi slettar rentene på studielånet ditt for ein periode. Rentefritak påverkar ikkje terminbeløpa.

Retten til rentefritak er normalt avhengig av inntekta di. Kvart år blir det fastsett grenser for kor mykje du kan tene og likevel få rentefritak. Inntektsgrensa aukar dersom du forsørgjer barn. For somme av årsakene nedanfor tek vi også omsyn til inntekta til ektefellen, sambuaren eller partnaren din. Sjå framsida.

Desse årsakene kan gi rett til rentefritak

- bestått utdanning utan støtte frå Lånekassen

ved varigheit i minst tre månader samanhengande:
- registrert arbeidsløyse
- sjukdom, rehabilitering, attføring eller tidsavgrensa uførestønad
- fødsel
- omsorg for barn under ti år
- omsorg for uføre, funksjonshemma eller eldre med stort pleiebehov
- sosialstønad
- tillitsverv på fulltid i landsomfattande elev- eller studentorganisasjon eller ved utdanningsinstitusjon/studentsamskipnad
- militær og sivil verneplikt

ved varigheit i minst 12 månader samanhengande:
- låg inntekt ved fulltidsarbeid
- soning

Betalingsutsetjing

Du kan søkje om betalingsutsetjing på www.lanekassen.no.

Betalingsutsetjing vil seie at du får utsett betalinga av ein eller fleire terminar. Ei betalingsutsetjing utan rentefritak fører som regel til lengre nedbetalingstid, eller i somme tilfelle til at terminbeløpa blir høgare. Resultatet blir at du må betale meir renter og gebyr. Får du rentefritak i like lang tid som du får betalingsutsetjing, får utsetjinga ingenting å seie for det du totalt skal betale i renter og gebyr.

Personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar etter personopplysningslova. Formålet er å forvalte tilbakebetalinga av studielånet i samsvar med regelverket til Lånekassen. Vi kan ikkje gi rettar utan tilstrekkeleg dokumentasjon. Etter personopplysningslova har du mellom anna rett til innsyn i dei opplysningane vi har om deg, og til å rette eventuelle feil. Personopplysningar kan bli utleverte til offentlege styresmakter og andre som har lovheimel til å få utlevert slike opplysningar, til andre som behandlar personopplysningar på vegner av Lånekassen, og til den personen opplysningane gjeld. Lånekassen kan innhente opplysningar frå andre etter lov om utdanningsstøtte § 23.

www.lanekassen.no gir deg svara!

På **Dine sider** kan du
- søkje om betalingsutsetjing
- søkje om fast rente
- sjekke gjelda di
- sjekke neste terminbeløp
- få nedbetalingsoversikta di
- sjekke kontobevegelsane
- sjekke innbetalingane dine
- sjekke omgjering etter eksamen
- finne beløpa til sjølvmeldinga

Logg inn med fødselsnummer (11 siffer) og PIN-kode (4 siffer). Har du gløymt koden din, kan du bestille ny via Dine sider eller Kassafonen. Registrerer du mobilnummeret ditt på Dine sider, kan du få tilsendt PIN-kode på SMS. Du kan også logge deg inn på Dine sider via Miside på noreg.no.

Bruk **Kassafonen**, telefon 04545 (frå utlandet +47 22 72 45 45), dersom du ikkje har tilgang til Internett.

Adresser i Lånekassen

Lånekassen har kontor i Tromsø, Trondheim, Ørsta, Bergen, Stavanger og Oslo. Besøksadresser til kontora finn du på www.lanekassen.no/kontakt. Blanketten sender du til:

Statens lånekasse for utdanning
Postboks 36 Kalbakken
0901 Oslo

Få nyttig informasjon på e-post eller SMS!
Legg inn mobilnummer og e-postadresse på Dine sider.

Organisasjonsnummer NO 960 885 406